



# Akershus SVs fylkestingsprogram 2023 - 2027



## 2 Kva er eit fylkesprogram?

3 Eit fylkestingsprogram er ei samanstilling av dei viktigaste tinga vi ønskjer å få gjort i  
4 fylkestinget i den komande valperioden. Fylkestingsprogrammet viser derfor våre føringar og  
5 prioriteringar for den neste fireårsperioden, og er vårt viktigaste dokument for demokratisk  
6 styring og medverking. Fylkestinget har gjennom fylkeskommunen ansvaret for blant anna  
7 vidaregåande opplæring, kollektivtransport, fylkesveier, tannhelse, regional utvikling og  
8 kultur- og idrettsstipend.

9  
10 Fylkestingsprogrammet er det vi går til val på. Dette er mandatet til våre folkevalde, og viser  
11 kva dei skal styra etter om vi får tillit frå veljarane. Fylkestingsprogrammet viser korleis  
12 Akershus SV skal styre fylket i ei grønar og meir rettvis retning.  
13

## 14 Innhald:

<b>Eit fylke som kuttar utslepp</b>	<b>3</b>
<b>Ein skole for alle</b>	<b>3</b>
<i>Ein motiverande skole</i>	3
<i>Lærar med tid til å vere lærar</i>	4
<i>Inntaksordning</i>	4
<b>Grøn samferdsel</b>	<b>4</b>
<i>Buss, båt og bane</i>	4
<i>Trygg veg til skolen</i>	5
<i>Sykkelveier der du jobbar, bor og går på skole</i>	6
<i>Gode veier å køyre på</i>	6
<b>Anstendig arbeidsliv i Akershus</b>	<b>6</b>
<i>Inn i eigen drift – ikkje ut på anbod</i>	6
<i>Tillitsreform</i>	7
<i>Heiltid som regel – deltid som unntak</i>	7
<i>En seriøs byggebransje som kuttar utslepp</i>	7
<b>Eit feministisk Akershus</b>	<b>8</b>
<b>Kjempe mot rasisme</b>	<b>8</b>
<b>Eit skeivt Akershus</b>	<b>9</b>
<b>Bygg ned funksjonshemmande barrièrar</b>	<b>9</b>
<b>Ta vare på fjorden, skogen og fjella</b>	<b>10</b>
<i>Levande elvar, fjordar og innsjøar</i>	10
<i>Naturvern og skogvern</i>	10
<b>Grøn utvikling</b>	<b>11</b>
<i>Grøn vekst</i>	11
<i>Fleire og grønne arbeidsplassar</i>	11
<b>Kultur og idrett</b>	<b>11</b>
<b>Tannhelse</b>	<b>12</b>
<b>Akershus som folkestyre</b>	<b>13</b>
<b>Solidariske innkjøp</b>	<b>13</b>

15

## 16 Eit fylke som kuttar utslepp

17 Vår tid krev kraftfull handling. Sjeldan har så mykje stått på spel. Det er no vi må løyse den  
18 globale oppvarminga. I Akershus må vi kutte 80% av utsleppa innan 2030 for å nå  
19 klimamåla. Med dagens takt vil vi berre kutte 15% av utsleppa i 2030. No trengs eit  
20 taktskifte.

21  
22 SV vil bruke fylkeskommunen til å gjere eigne klimakutt, påverke staten til å gjere  
23 nødvendige kutt i Akershus, og gi kommunane verktyøya dei treng for å kutte sine utslepp.  
24 Det er ingen sektorar som vil vere skjerma frå kutt fram til 2030.

25  
26 Nesten halvparten av utsleppa i Akershus kjem frå vegtrafikken. Innan 2030 må så godt som  
27 alle utslepp frå vegtrafikken kuttast. Skal vi klare dette, er vi heilt avhengige av at fleire reiser  
28 skjer med buss, tog og bane i åra som kjem. Klimakrisa krev altså ei rekordsatsing på  
29 kollektivtrafikk. Samtidig må meir av tungtransporten bli skinnegåande eller være utsleppsfri.

30  
31 SV vil:

- 32 ● Kutte alle utslepp i kollektivtrafikken ved å gå over til el eller biogass innan 2028
- 33 ● Kutte alle utslepp på Akershus sine byggeplassar innan 2026
- 34 ● At all skipstrafikk i Oslofjorden skal vere utsleppsfri innan 2030
- 35 ● Gjere kollektivtilbodet betre og billigare, og gjere det dyrare å ta bilen på strekningar  
36 med godt kollektivtilbod
- 37 ● Gi midlar til utvikling av fossilfri tungtransport
- 38 ● At all vekt i persontransport skal skje gjennom kollektivtransport, sykkel og gange,  
39 og ha 20% færre bilar på vegane i områda nærast Oslo
- 40 ● At alle fylkeskommunale bygg skal byggjast med strenge klimakrav

## 41 Ein skole for alle

### 42 Ein motiverande skole

43 Akershuskolen skal være ein skole kor elevane lykkast, uavhengig av bakgrunn og kven ein  
44 er. I dag er det ikkje alltid slik. Fleire av våre elevar slit med fråver og fråfall. Årsaka til  
45 fråveret skuldast ofte at elevane ikkje opplever undervisninga som meiningsfull og  
46 engasjerande nok.

47  
48 SV vil skape ein motiverande skole for alle elevane. Då må skolen byggje på eit spekter av  
49 liner og interesser som engasjerer elevane og som gir glede. Vi vil ha eit variert  
50 yrkesfagtilbod, utvikle yrkesfaglinene, og få meir fleksible og kreative læringsformer inn i  
51 teorifaga.

52  
53 SV vil:

- 54 ● Ha ei forsøksordning kor mappevurdering erstattar eksamen
- 55 ● Opprette liner kor yrkesfag og idrett kan kombinerast
- 56 ● Auke talet på plasser innan musikk, dans og drama
- 57 ● Oppgradere utstyrsparken på yrkesfag
- 58 ● Erstatte tentamenar med fagdagar som fremjar læring og er ein arena kor elevane  
59 kan samarbeide og få hjelp i faget
- 60 ● Ha slutt på praksisen der ulike yrkesfagliner blir slått saman i fellesfagtimer. Både  
61 programfag og fellesfag må ha ein relevant, yrkesretta innfallsvinkel
- 62 ● Sørge for sterke elevdemokrati, slik at undervisningsopplegg vert bygd på elevane si  
63 mening om undervisningsform og vurderingsform
- 64 ● Ha leksehjelp på alle skolar med faglærarar til stades, og lekser som ikkje er levert,  
65 skal ikkje lenger kunne vere grunnlag for merknad.

- 67 ● elevene kan søkje om, og ta delar av, vidaregåande skole i regi av Ung Invest
- 68 ● Innføre ein læreplassgaranti
- 69 ● Ha ei forsøksordning kor fråversgrensa vert fjerna frå vidaregåande skolar i Akershus
- 70 ● Akershus skal tilby Ung Invest sin modell frå Buskerud kor

71

## 72 Lærer med tid til å vere lærar

73 Færre og færre ønskjer å utdanne seg til lærarar. Samtidig er det 40 000 lærarar som vêl å  
 74 ikkje jobbe i skolen. Lærarane brukar i dag for mykje tid på rapportering og byråkrati, og på  
 75 arbeidsoppgåver som burde vært gjort av eit større lag rundt elevane. Spesielt på skolar der  
 76 elevane har få grunnskolepoeng, er tida særleg knapp for lærarane. SV's mål er at våre  
 77 skolar i Akershus skal vere den beste arbeidsplassen for ein lærar, og gjennom dét skape  
 78 den beste skolen for elevane. Då må lærarane oppleve tillit til å utøve yrket sitt.

79

80 SV vil:

- 81 ● Kutte i mengda rapportering og gi læraren større rom til å ha færre prøvar
- 82 ● Innføre ei rettvis finansiering av skolen som spesielt styrkar skolar kor elevane har
- 83 færre grunnskolepoeng, og det er stor risiko for fråfall
- 84 ● Styrke fagmiljøet rundt elevane. Dette tyder blant anna fleire sosialarbeidarar og
- 85 bibliotekarar
- 86 ● På kvar skole ha minimum ein helsesjukepleiar og ein miljøarbeidar, begge i full
- 87 stilling
- 88 ● Sikre at elevar som fell frå vidaregåande opplæring, får god vegleiing og oppfølging.
- 89 Oppfølgingstenesta har ansvaret, men må også samarbeide med NAV
- 90 ● Setje i gong forsøk med NAV-veglearar ved utvalde vidaregåande skolar
- 91 ● Auke lærertettheita og sikre pedagogisk forsvarlege klassesorleikar
- 92 ● Auke lærarlønene ved at fylkeskommunen skal vere tydeleg overfor KS om at dette
- 93 må prioriterast i lønsoppgjera
- 94 ● Utforme ein digitaliseringsstrategi for skolane i Akershus. Strategien må ivareta
- 95 personvern og elevane sine rettar, som er forankra bl.a. i Opplæringslova. Det er
- 96 ikkje eit mål at skolane skal vere heildigitale

97

98

## 99 Inntaksordning

100 Dagens nærskelegaranti gir elevar trygghet for at dei kjem inn på ein skole i nærmiljøet sitt,  
 101 og gir elevane elles den same moglegheita til å søkje seg dit dei vil. Aldri før har så mange  
 102 elevar kome inn på sitt 1.-val på vidaregåande skole, og færre klagar over opptaket. I tillegg  
 103 ser vi at ulikskapen mellom skolane har blitt mindre. Det viser at SV's gjennomslag for ny  
 104 inntaksordning med nærskelegaranti verkar, og var heilt nødvendig.

105

106 Vi har nå tatt viktige steg i rett retning. Det er likevel viktig at vi ser på moglegheitene for å  
 107 gjere inntaksordninga endå betre. Målet er å skape ein modell som gjer at endå fleire kjem  
 108 inn på den skolen dei ønskjer seg, at vi får eit mangfald av elevar på alle skoler, og som  
 109 motverkar karakterpresset på ungdomsskolen.

110

111 SV vil:

- 112 ● Behalde dagens inntaksordning til vidaregåande skole
- 113 ● Setje ned eit fylkeskommunalt utval av lærarar, forskarar og elevar som skal sjå på
- 114 alternativ til dagens inntaksordning

115

## 116 Grøn samferdsel

### 117 Buss, båt og bane for alle

118 Gode kollektivløysingar bitt Akershus saman. Mange er avhengige av gode moglegheiter til  
 119 å reise kollektivt kvar einaste dag – på veg til og frå jobben, skolen, butikken og byen.

120 Samtidig blir vi stadig fleire menneske i Akershus, og utsleppa skal ned. I framtidas  
 121 nullutsleppssamfunn er vi heilt avhengige av at fleire reiser kollektivt. Då må  
 122 kollektivtransporten bli enklare å nytte, meir tilgjengeleg og billegare for folk flest. Derfor vil  
 123 SV nytte Oslopakke 3 til å skape ei historisk satsing på kollektivtransporten.

124  
 125 Kollektivtransporten blir styrt av fylket. Men i altfor stor grad opplever reisande, bussjåførar  
 126 og folkevalde at moglegheitene for å påverke kor og når bussen skal gå, er altfor liten. Det er  
 127 på tide at rutetilbodet kan avgjerast av folk, og at arbeidsvilkåra for bussjåførane vert styrka.  
 128 Derfor vil SV demokratisere Ruter og sørge for aktiv styring.

129 SV vil:

- 130 ● Senke prisen på månadskort med 25 %
- 131 ● Vidareføre ein fleksibel Ruterbillett, slik som Reis
- 132 ● Doble talet på avgangar på 381-bussen til Skjetten i helgene, opprette 8-tallsbusstrute  
 133 på Ås/Vestby/Vinterbro, og 430-bussen mellom Jessheim og Eidsvoll skal gå i 10-  
 134 minuttersruter
- 135 ● Ha hyppigare avgangar, spesielt rundt studiestader, sentrumsområde og større  
 136 arbeidsplassar
- 137 ● Ha hyppigare avgangar på matebussar til sentrale togstasjonar
- 138 ● Ferdigstille Fornebu-banen og arbeide for t-baneforlenging Ahus/Lillestrøm/Kjeller
- 139 ● Ha folkemøter om rutetilbodet og sikre at folk har reelle moglegheiter til å påverke  
 140 rutetilbodet
- 141 ● Greie ut korleis Ruter kan driftast av fylkeskommunen sjølv (no er Ruter eit  
 142 aksjeselskap kor Akershus har 40 % og Oslo 60 %)
- 143 ● Innføre studentrabatt på alle typar billettar
- 144 ● Teikne opp sonesystemet på nytt for å gjere det mindre rigid og hindre mange av  
 145 dagens uheldige utslag, og sørge for at heile kommunar ikkje er delt i ulike  
 146 takstsoner.
- 147 ● Auka talet på innfartsparkeringsplassar ved togstasjonane utanom bykjernane

148

## 149 Trygg veg til skolen

150 Alle barn fortener trygg skoleveg og kunne ferdast trygt til fritidsaktivitetar. Nokre stader har  
 151 barn verken skolebuss eller trygge gang- og sykkelveggar. Fylket må prioritere barns rett til å  
 152 ferdast trygt på veg til skole og fritidsaktivitetar. Det må byggjast fleire gangstiar, trygge  
 153 fortau, og autovern må skilje mjuke og harde trafikantar. Fleire stader må fartsgrensene  
 154 setjast ned, det må gis rom for at skolane kan setje inn trafikkvakter, og «Trygg trafikk»-  
 155 skolesekkene til dei minste må på plass.

156

157 SV vil:

- 158 ● Prioritere byggjing av trygge skoleveggar og trygg veg til fritidsaktivitetar. Fleire sykkel-  
 159 og gangstiar, opphøgde fortau og autovern er gode tiltak
- 160 ● Der veg kryssar fortau kor elevar går til skolen, må det søkjast om lågare fartsgrense
- 161 ● Ha god dekning med skolebussar for barn og unge i Akershus
- 162 ● Gi barneskolane moglegheit til å organisere trafikkvakter
- 163 ● Innføre Trygg trafikk sine skolesekker, - og slik gjere dei minste elevane meir  
 164 synlege, og hindre kjøpepress blant dei minste

165

166

## 167 Sykkelvegar der du jobbar, bur og går på skole

168 Å gå og sykle i Akershus skal vere enkelt og trygt. Sykkel og gange gir både miljøgevinst og  
 169 store folkehelsevinstar. Vi vil setje dei mjukaste trafikantane først. Det tyder at  
 170 parkeringsplassar må fjernast til fordel for gode sykkelvegar. Kryss og rundkøyringar må  
 171 gjerast tryggare for sykkistar. SV vil setje sykkelen framom bilen og sikre at endå fleire tar  
 172 sykkelen fatt. Sykling skal bli eit naturleg val.

173  
 174 Sykkelen skal vere eit godt alternativ for transport til togstasjonen, men også kunne nyttast  
 175 heile vegen til jobb. Skal sykkelen bli eit endå betre alternativ for jobbpendlarar, må det fleire  
 176 stader byggjast eit meir samanhengande og større sykkelvegnett. Skal vi klare å vri  
 177 transporten over frå bilen, må vi gjere det enklare å sykle.

178  
 179 SV vil:

- 180 • At fylket skal lage ein plan for et heilheitleg sykkelnett i heile fylket, og samarbeide
- 181 med kommunar og statens vegvesen for å få bygd det ut
- 182 • Byggje samanhengande ekspressykkelvegar mellom Oslo og sentrumsområde i
- 183 Akershus, slik at sykkelen blir eit godt alternativ til bilen
- 184 • Ha sikker sykkelparkering på arbeidsplassar, handlestader, studiestader og
- 185 kollektivknutepunkt
- 186 • Det skal vere enkelt å kombinere sykkel og kollektivtransport heile året.
- 187 Sykkelvekstad med sykkelvaskeri ved togstasjonar og knutepunkt skal gjere det
- 188 enklare å kombinere sykkel og kollektivtransport
- 189 • Sørge for attraktivt og trygt sykkelvegnett ved å brøyte og strø prioriterte sykkelvegar
- 190 jamleg

## 191 Trygge vegar

192 Vi treng fleire trygge vegar. Fylket må prioritere sikring av eksisterande vegar og vegprosjekt  
 193 som betrar nærmiljøa, med fokus på reparasjon av bilismens herjingar. SV stør eit styrka  
 194 nullvekstmål i personbiltrafikken, og vil først og fremst auke kapasiteten på  
 195 kollektivtransporten. Meir kollektivt betyr mindre slitasje på vegen, og mindre behov for  
 196 vedlikehald.

197  
 198  
 199 SV vil:

- 200 • Prioritere opprusting av eksisterande fylkesvegar framfor utbygging av nye,
- 201 kapasitetsaukande vegar
- 202 • Prioritera vedlikehald av fylkesvegar som legg til rette for kollektivtransport og sykkel
- 203 • Fylkeskommunen skal hindre kapasitetsaukande og naturøydeleggjande
- 204 vegutbyggingar ved å fremje motsegn

## 205 Anstendig arbeidsliv i Akershus

### 207 Inn i eiga drift – ikkje ut på anbod

208 Eit trygt arbeidsliv med ei stabil løn og trygg pensjonsordning er noko alle arbeidarar skal  
 209 kunne forvente. Når arbeidsplassen med jamne mellomrom må ut på anbod, og det er  
 210 lågaste pris som vinn, er det nettopp dei tilsette sine vilkår det blir spart pengar på. Dagens  
 211 ordning, med eksterne firma og privat konkurranse om offentlege arbeidsoppgåver, tar vekk  
 212 tryggleiken til dei tilsette. Samtidig gjer vi oss avhengige av leigd inn kompetanse i staden for  
 213 å byggje opp kompetansen internt i eiga drift. SV vil at dei som arbeider for  
 214 fylkeskommunen, også skal vere tilsette i fylkeskommunen.

215  
 216 SV vil:

- 217 • At reinhaldarar og vaktmeistrar på skolane våre, og i fylkeskommunale bygg, skal
- 218 vere tilsette i fylkeskommunen
- 219 • Greie ut korleis drifta av kollektivtransporten kan bli teken inn i eigen regi

- 220
- 221
- 222
- 223
- 224
- Så lenge kollektivtransporten vert sett ut på anbod, må gode arbeidsvilkår for bussjåførar vere ein sentral del av anbodet
  - Sørgje for at mest mogeleg av fylkeskommunen sine oppgåver vert gjort av eigne tilsette og ikkje av innleigde konsulentar

## 225 Tillitsreform

226 Grunnmuren i norsk arbeidsliv er små forskjellar, sterk tillit og eit tett samarbeid mellom

227 partane i arbeidslivet. SV vil ha ein sterk offentleg sektor som leverer tenester av høg

228 kvalitet. Våre tilsette er vår fremste ressurs, og vi må derfor ha tillit til at dei vil utføre arbeidet

229 i tråd med eigen kompetanse og faglege rammer. Tilsette må ha fagleg handlingsrom til å ta

230 sjølvstendige avgjerder i arbeidskvardagen.

231

232 Når høg grad av måling, rapportering og styring dominerer, viser forskning at arbeidstakarar

233 har høgare utskifting, dårlegare helse og dårlegare effektivitet. Arbeidstakarar som opplever

234 høg grad av tillit i arbeidslivet, føler seg tryggare, yter betre og trivest betre på jobben. SV

235 meiner at idéen om at offentleg sektor best blir styrt av marknadene, må nedkjempast, og at

236 tillit skal prege fylkeskommunen som arbeidsplass.

237

238 SV vil:

- 239
- 240
- 241
- 242
- 243
- Ha tillitsbasert leiing på alle nivå i fylkeskommunen
  - Ha mindre rapportering og meir fokus på tenesteyting
  - Akershus skal utforme ein solidarisk lønspolitikk med små forskjellar. Då må direktørlønene ned og dei lågaste lønene opp.

244 *Fleire skolespesifikke tiltak står under kapittelet «Lærer skal vere lærar»*

245

## 246 Heiltid som regel – deltid som unnatak

247 Heile og faste stillingar skapar ro i arbeidet og tryggleik i privatøkonomien. Med ein

248 deltidsstilling klarer ein ikkje å forsørge seg sjølv eller familien sin, og ein er i mykje større

249 grad avhengig av velvilje frå arbeidsgjevar for å få ekstravakter og sin personlege økonomi

250 til å gå opp. I dag ser vi at det særleg er kvinnedominerte yrke som er prega av deltid, og kor

251 mogleghetene for å jobbe fulltid er liten. Eit likestilt arbeidsliv, kor verken kjønn eller yrke

252 avgjer kor mykje ein får jobbe, er eit avgjerande skritt i rett retning. SV skal jobbe for at alle

253 får trygge og gode arbeidsplassar med ei løn dei kan leve av.

254

255 SV vil:

- 256
- 257
- 258
- 259
- 260
- 261
- 262
- 263
- Lyse ut alle nye stillingar som 100 % stilling – alle deltidsstillingar skal verte grunnitt og må godkjennast
  - At fleire vikarar jobbar i fast stilling. Ein fylkeskommunal vikarpool med fast tilsette må på plass
  - Forsøk med 6 timars dag for fylkeskommunalt tilsette reinhaldarar med full kompensasjon for løn
  - At tilsette på deltid skal ha rett til større stillingsbrøk før nye stillingar vert lyst ut

## 264 Ein seriøs byggebransje som kuttar utslepp

265 Mange tilsette i byggebransjen blir grovt utnytta i eit system der arbeidsmiljølova, avtalar og

266 folkeskikk ikkje gjeld. Seriose bedrifter tapar i konkurransen. Stat og kommune tapar store

267 skatteinntekter, og arbeidarane opplever negativ lønsutvikling. Fylket brukar milliardar av

268 kroner på å byggje nye skolebygg og vedlikehald av fylkesvegane kvart einaste år. SV vil

269 bruke fylket sine musklar til å gi seriøse bedrifter arbeid, og etablere ein ny standard i

270 byggebransjen.

271

272 SV vil:

- 273 ● Jobbe fram ei klar retningsline for byggebransjen, slik at ein sikrar at berre seriøse
- 274 aktørar blir vurdert i alle fylket sine, og i kommunane sine, byggeprosjekt
- 275 ● At alle som arbeidar med byggeprosjekt for fylket, skal ha trygge kontraktar og løn
- 276 etter tariff eller betre
- 277 ● Jobbe for ein modell for seriøse innkjøp liknande Viken-modellen
- 278 ● Tilsetje LO-koordinatorar som skal følgje opp at arbeidsplassane held seg til
- 279 regelverket, og tilby kommunane å bruke dei i deira byggeprosjekt
- 280 ● Ha utsleppsfrie byggeplassar der det er teknologisk mogleg
- 281 ● Bruke resirkulert materiale og massivt tre i fylkeskommunale byggeprosjekt
- 282

## 283 Eit feministisk Akershus

284 Kvinner tener mindre enn menn, eig mindre enn menn, og er underrepresenterte i  
 285 maktposisjonar. Store maktforskjellar skapar avmakt og utrygghet. SV er eit feministisk parti  
 286 og kjempar for eit likestilt Akershus. Vi skal bruke fylkeskommunen sine musklar til å skape  
 287 større trygghet og ta likestillinga i rett retning.

288  
 289 Ei av dei store utfordringane vi må løyse for å få eit likestilt Norge, er å nedkjempe det  
 290 kjønnsdelte arbeidslivet. Nesten 9 av 10 helsefagarbeidarar er kvinner, og over 97% av  
 291 elektrikarane er gutar. Vi veit at vidaregåande opplæring er heilt avgjerande for å få gjort  
 292 noko med dette. Derfor vil SV sørge for meir likevekt på dei vidaregåande linene.

293  
 294 SV vil:

- 295 ● Få på plass ein handlingsplan mot seksuell trakassering på alle vidaregåande
- 296 skolar med rutinar for handtering av seksuell trakassering, kartleggje
- 297 omfanget og gjere varsling lett tilgjengeleg
- 298 ● Gjennomføre haldningskampanjar som motverkar kjønnsdelte liner på
- 299 vidaregåande skolar, som for eksempel jentedagar på elektro og guttedagar
- 300 på helse og omsorg
- 301 ● Vidareføre gratis bind og tamponggar på alle vidaregåande skolar
- 302 ● Sikre eit godt nattbusstilbod i helger og til store arbeidsplassar med
- 303 kveldsskift, som for eksempel til sjukehusa
- 304 ● Betre seksualitetsundervisninga ved å leggje vekt på både grensesetting og
- 305 helse og seksualitet som kjelde til glede og trivsel
- 306 ● Koordinere kommunar, NAV og stat i eit styrka arbeid med exit-program
- 307 ● Sørge for at elevar sin kunnskap om kvinnehelse blir betre, - ved
- 308 kompetanseløft for helsesjukepleiarar og undervisningsopplegg for elevane
- 309 ● Få på plass eit likelønsutval i Akershus som skal sikre likeløn i eigen
- 310 organisasjon
- 311 ● At delen kvinnelege toppleiarar i selskap fylket eig, skal auke til minst 50%
- 312

## 313 Kjemping ned rasisme

314 Akershus er eit av Norges mest mangfaldige fylke. Her lever menneske frå alle verdas  
 315 hjørne side om side. Dessverre opplever altfor mange med minoritetsbakgrunn, spesielt  
 316 muslimar og melaninrike, rasisme i fylket vårt. Dette gjeld både kvardagsrasisme og  
 317 strukturell rasisme. Vi veit at personar med innvandrarakgrunn oftare opplever  
 318 hatkriminalitet og hatefulle ytringar. Vi veit også at personar med innvandrarakgrunn vert  
 319 diskriminerte i arbeidslivet, på bustadmarknaden og i møte med offentlege tenester.

320  
 321 SV ønskjer eit Akershus der alle menneske, uansett etnisk og kulturell bakgrunn, religion og  
 322 språk skal ha fridom til å leve sine liv utan å oppleva rasisme. Derfor vil vi kjemping ned  
 323 rasisme i fylket vårt, spesielt gjennom systematiske og strukturelle tiltak.



324  
325 SV vil:

- 326 ● Innføre ei tilskotsordning for organisasjonar som bidreg til å motverke rasisme
- 327 ● Lage ein tiltaksplan for å forebyggje, kartleggje og handtere rasisme på våre
- 328 vidaregåande skoler og i alle fylkeskommunen sine tenester
- 329 ● Søkje forsøk om ei kvitteringsordning for å nedkjempe etnisk profilering i våre
- 330 politidistrikt
- 331 ● Sikre at arbeidsmiljølova vert brukt når fylkeskommunale tilsette - i arbeidstida -
- 332 nyttar hatretorikk, eller på annan måte fremjar rasistiske haldningar
- 333 ● Alltid vise motstand mot nynazistiske og rasistiske offentlege markeringar i fylket
- 334 ● Vidareføre vedtaket til fylkestinget i Viken om at fylket har nulltoleranse for rasisme,
- 335 diskriminering og trakassering, og at antirasistisk sone også gjeld Akershus
- 336 ● Sørgje for at retten til opplæring i samisk for elevar med samisk bakgrunn blir oppfylt
- 337 ● At fylkeskommunen skal flagge med samisk, og andre nasjonale minoritetar sine
- 338 flagg, på deira nasjonaldagar

339

## Eit skeivt Akershus

340

341 Akershus skal vere eit fylke for alle - uavhengig av seksuell orientering, kjønnsidentitet og  
342 kjønnsuttrykk. Skeive blir utsett for hatkriminalitet, diskriminering og vald i mykje større grad  
343 enn resten av folket. Dette skjer også på fylket sine vidaregåande skolar, og skeive med  
344 minoritetsbakgrunn er særleg utsette for diskriminering og hets.

345

346 Haldningar og fordommar vert forma gjennom heile skoleløpet. SV vil ha eit Akershus der  
347 alle får fridom til å vere seg sjølv. Vi må gjere skolen så inkluderande som mogleg, og ta  
348 tydeleg side i den skeive kampen. Seksualundervisninga må styrkast.

349

350 SV vil:

- 351 ● Det skal vere tilgjengeleg kjønnsnøytrale doar på alle vidaregåande skolar
- 352 ● Sikre at all seksualundervisning inkluderer kjønns- og seksualitetsmangfald på ein
- 353 god måte
- 354 ● Flagge med regnbogeflagget på alle fylkeskommunens flaggstenger under Pride
- 355 ● Sjå på moglegheiter for å få på plass varige regnbogesymbol på nokre av våre
- 356 fylkesvegar eller bygg
- 357 ● Kartleggje hatkriminalitet, diskriminering og hets skeive elevar opplever i
- 358 vidaregåande og i møte med våre tenester. Lage handlingsplanar for å få ein slutt på
- 359 dette
- 360 ● Samarbeide med organisasjonar og helsetilbod som jobbar for å fremje skeive og
- 361 transpersonar sine rettigheter

362

## Bygg ned funksjonshemmande barrière

363

364 Alle menneske er like mykje verd, og innehar ein unik kompetanse som er viktig for  
365 fylkeskommunen. Å ha ei funksjonsnedsetting er for mange utfordrande - fordi dei møter  
366 mange barrière, nokre fysiske og nokre på systemnivå. Fylkeskommunen skal leggje til rette  
367 for at våre innbyggjarar har eit godt liv. Fysiske stengsle skal ikkje vere hindringar som held  
368 folk borte frå våre tilbod og offentlege rom. Våre tenester skal vere tilgjengelege for alle, vi  
369 skal vere ein inkluderande arbeidsgjevar.

370

371 Styrke mangfaldskompetansen og mangfaldet på arbeidsplassane ved å krevje eit eige  
372 avsnitt om mangfald i både kjønn, seksualitet, bakgrunn og funksjon i alle utlysingar av  
373 stilling, og ved å greie ut moglegheita for positiv forskjellshandsaming ved tilsetjingar.

374

375 SV vil:

- 376 ● All kollektivtransport skal vera tilgjengeleg for rullestolbrukarar og synshemma

- 377 ● Fortau og gater skal vere tilgjengelege for alle, også om dei har synshemming eller  
378 andre vanskar med å ta seg fram
- 379 ● Alle fylkeshus skal vere tilgjengelege for alle
- 380 ● Fylkeskommunen skal kartleggje kva turstiar som er tilgjengelege for folk med  
381 funksjonsnedsettingar, og lage ein plan som sikrar at alle har moglegheit til å ta seg  
382 fram i naturen
- 383 ● Ha ein plan for eit aktivt mangfalds- og likestillingsarbeid i fylkeskommunen
- 384 ● Fylkeskommunen skal, som arbeidsgjevar, kvalifisere seg til å kome inn under  
385 sertifiseringsordning for eit likestilt arbeidsliv
- 386 ● Fylkestinget skal, ved utsending av konkurranse for byggjing av nye bygg, ha krav  
387 om at entreprenøren og/eller arkitekt skal leggje ved dokumentasjon på korleis ein  
388 svarar ut krav om universell utforming
- 389 ● Styrke mangfaldskompetansen og mangfaldet på arbeidsplassane ved å krevje eit  
390 eige avsnitt om mangfald i både kjønn, seksualitet, bakgrunn og funksjon i alle  
391 stillingsutlysingar, og ved å greie ut moglegheita for positiv forskjellshandsaming ved  
392 tilsetjingar
- 393 ● Tilby teiknspråk som framandspråk i alle regionane i fylket
- 394
- 395

## 396 Ta vare på fjorden, skogen og fjella

### 397 Levande elver, fjordar og innsjøar

398 Noko av det finaste vi har i Norge, er vår felles natur. Allemannsretten sikrar at alle har rett til  
399 fri bruk av naturen. Dessverre er desse rettighetene under press - frå utbyggjing og  
400 privatisering av store naturområde. Strandsona vert i stadig større grad stengd for  
401 fellesskapet. Vi må slutte å gi dispensasjonar til bygging i strandsona, og vi må opne opp att  
402 der folk ulovleg har laga stengsel og slik hindra fri ferdsel.

403

404 Naturen er i økologisk krise, og livet i Oslofjorden er døande. SV vil ha reine og levande  
405 elvar, fjordar og innsjøar som er tilgjengelege for folk. Derfor må vi i Akershus rydde opp i  
406 vassdraga våre, og setje krav til kommunar, utbyggjarar og næringsliv.

407

408 SV vil:

- 409 ● Stanse nedbyggjing og privatisering av strandsona og områder langs innsjøar og  
410 vassdrag
  - 411 ● Reinse elvar og vassdrag for forureining, som Nitelva, og fjerne gamle søppelfyllingar  
412 langs vassdraga våre
  - 413 ● Sjå til at det er mogeleg å gå langs fjorden, elvane og innsjøane våre, ved å  
414 koordinere kommunane sitt arbeid med å fjerne ulovlege gjerder, skilt og andre  
415 stengsel i strandsona
  - 416 ● Verne Lysakerelva mot utbyggjing
  - 417 ● Vektleggje natur og miljø i klagesaker om utbyggjing
  - 418 ● At fylket tar initiativ til etablering av Østmarka nasjonalpark
  - 419 ● At Akershus skal vere tilretteleggjar mellom kommunar, forskarar og stat i arbeidet  
420 med å redde Oslofjorden
  - 421 ● Sjå til skjøtsel av kantsoner i landbruket, og leggje til rette for opning av bekkar som  
422 styrker det lokale økosystemet
- 423
- 424

## 425 Naturvern og jordvern

426 Akershus er eit fylke som er utsett for utbyggjingspress. Mange av vekstområda i  
427 kommunane ligg vegg i vegg med den beste matjorda i landet. Verken matjord eller natur er  
428 mindre verd om den ligg tettare på eksisterande bygningsmasse. Skal vi hindre nedbyggjing,

429 må vi ha god oversikt over naturen vår, og ha eit naturbudsjett som hindrar nedbygging.  
 430 Fylket må aktivt bruke retten til motsegn for å få til dette. Matjorda vår og naturmangfaldet  
 431 må vi ta vare på.

432  
 433 SV vil:

- 434 ● Ha eit naturbudsjett for fylket, og hjelpe kommunar med å etablere sine egne
- 435 naturbudsjett.
- 436 ● Ha full stans i omregulering og nedbygging av dyrka og dyrkbar mark
- 437 ● Sei nei til nedbygging og omregulering av verna og sårbar natur som myr og raviner
- 438 ● Nytte retten til motsegn for ta vare på naturmangfaldet i Akershus
  
- 439 ● Vurdere naturområde til vern for å sikre det biologiske mangfaldet
- 440 ● Reinse og rydde opp i forureina natur
- 441 ● Reetablere øydelagt natur
- 442 ● Vekte naturverdiar og friluftsinnteresser tungt slik at minst mogleg natur vert bygd ned
- 443 ● Forebyggje skader frå ekstremvær, som å opne opp bekkelaup og byggje skolegardar
- 444 utan asfalt
- 445

## 446 Grøn utvikling

### 447 Eit fylke i vekst på folk og naturen sine premisser

448 Akershus er i vekst. Vi blir fleire og fleire Akershusingar, og i komande tiår vil vi vere fylket  
 449 med den høgaste veksten i innbyggjartal. Vi kan ikkje tillate meir grå vekst. Det tyder at  
 450 veksten må ta vare på natur og redusere klimautslepp. Veksten skal kome heile Akershus-  
 451 samfunnet til gode. Vi skal ha berekraftige byar og tettstader i heile Akershus. Skal vi klare  
 452 dette, må marknaden og profittjaget temmast. Vi er derfor heilt avhengige av at veksten vert  
 453 styrt av aktiv sosialistisk politikk.

454  
 455 SV vil:

- 456 ● Sikre gode bumiljø med tilgjenge på natur og sosiale møteplassar, og som ikkje
- 457 ekskluderer dei med mindre storleik på lomdeboka
- 458 ● Nytte infrastrukturen godt. Etablere fleire verksemdar ved jernbanestasjonane
- 459 ● Sjå til at det blir grønne område - også i byar og tettstader
- 460 ● Satse på energibevarande og energiproduserande bygg
- 461 ● Nytte jordvarme og solenergi der det er mogleg
- 462 ● Stanse veksten der den byggjer ned viktige natur-, klima - og kulturverdiar
- 463 ● Setje foten ned for ikkje-grønne prosjekt, altså bruke retten til motsegn
- 464 ● Veksten skal motverke fråflytting. Dagens rigide vekstregel i Akershus må fjernast,
- 465 på same tid må auka innbyggjartal skje rundt større kollektivknutepunkt - for å sjå til
- 466 at vi når klimamåla våre

467

### 468 Fleire og nye grønne arbeidsplassar

469 Det viktigaste næringspolitiske prosjektet for landet er å lykkast med grøn omstilling. For SV  
 470 er målet med næringspolitikken å kutte utslepp, skape og sikre arbeidsplassar. SV skal vera  
 471 ein pådrivar for aktiv næringspolitikk for å få til dette.

472  
 473 Ei viktig næring i Akershus er landbruket vårt. Klimakrisa slår rett inn i landbruket og truar  
 474 vår evne til å produsere mat. Landbruket må setjast i stand til både å tilpasse seg  
 475 endringane, og på same tid bidra til å løyse store kutt i klimagassutslepp.

476  
 477 SV vil:

- 478 ● Støtte gründerverksemd som fokuserer på grøn industri og sirkulær økonomi
- 479 ● Satse på verksemdar som byggjer på lokale ressursar
- 480 ● Vidareutvikle og satse på næringsklynga for solenergi i Lillestrøm
- 481 ● Prioritere berekraftige løysingar i alle eigne val av innkjøp og arbeidskraft
- 482 ● Støtte utvikling av biogass, nitrogenreinsing og redusert avrenning frå landbruket
- 483 ● KlimaViken skal vidareførast for å hjelpe bønder med å kutte utslepp og gjere gode
- 484 klimatilpassingar
- 485 ● Etablere rom-, teknologi- og klimautdanningstilbod med tilhøyrande læreplassar på
- 486 vidaregåande skolar i Lillestrøm knytta til miljøa på Kjeller
- 487

## 488 Kultur og idrett

489 Eit breitt kulturtilbod jamnar ut forskjellar. Brei tilgang på kultur bør vere like naturleg som

490 brei tilgang på utdanning. Derfor er det viktig at barn og unge har moglegheit til å delta på

491 fritidsaktivitetar som idrett og kulturskole, og at tilboda skal vere lågterskel og gratis.

492

493 Skal vi klare å gjere kulturen tilgjengeleg for alle, er det tre utfordringar vi må ta tak i. SV vil

494 fjerne den økonomiske barriera ved å sjå til at meir av kulturen er tilgjengeleg uansett

495 lommebok. Vi vil gjere det lett tilgjengeleg å få oversikten over kulturtilbodet som finns. Til

496 slutt må stipend og tilskot bidra til at det er et større mangfald blant dei utøvande

497 kunstnarane.

498

499 Idrett er folkehelse, inkludering og trivsel. I dag sit det i snitt tre elever i kvar skoleklasse som

500 er tatt ut av idretten av foreldra fordi det er for dyrt. I ei tid kor stadig fleire unge bevegar seg

501 for lite og føler seg einsame, er det avgjerande å gjere idretten tilgjengeleg for alle.

502

503 SV vil:

- 504 ● Opprette fleire utlånssentralar med utstyr til idrett, tur og andre fritidsaktivitetar
- 505 ● Setje krav til at enkelte støtteordningar til festivalar berre skal gis til festivalar med
- 506 gratis inngang
- 507 ● At minst 50% av all kunst som blir kjøpt inn til offentlege kulturbygg i Akershus, skal
- 508 vere frå kvinnelege kunstnarar
- 509 ● Utvikle ein elevstyrt app for billige kulturarrangement for unge i Akershus og Oslo,
- 510 slik Buskerud har gjennom Bizzy
- 511 ● Setje krav til mangfald blant kunstutøvarar som mottar stipend frå fylkeskommunen
- 512 ● Søkje staten om moglegheit til å starte ei forsøksordning med gratis idrett og
- 513 fritidsaktivitetar for alle under 18 år
- 514 ● Sjø til at skolebygg er tilgjengeleg for bruk av frivilligheit og tilbod retta mot unge
- 515 utanom skoletid
- 516 ● Leggje til rette for bevaring og formidling av kulturminne gjennom inkludering og aktiv
- 517 deltaking
- 518

## 519 Tannhelse

520 Den offentlege tannhelsa må utvidast og bli gratis for alle. Private klinikkar kostar som oftast

521 meir enn offentlege. I Akershus er det for få offentlege tannhelseklinikkar til at folk kan velje

522 mellom å gå til ein offentleg tannklinikk eller ein privat. Det gjer at berre dei som har krav på

523 offentleg tannhelse, får nytta seg av dei offentlege klinikkane. I tillegg er ventetida på

524 offentlege klinikkar ofte altfor lang. Alle skal ha rett på ei god tannhelse. Derfor er det

525 nødvendig å bygge fleire offentlege tannklinikkar.

526

527 SV vil:

- 528 ● Sikre all moglegheit til å velje ein billeg offentleg tannlege
- 529 ● Korte ned ventetida det tar for å få time i den offentlege tannhelsa

- 530
- Byggje fleire offentlege tannklinikkar
- 531
- Fylket skal ta ansvar for at dei som har rett på rabattert pris som følge av tannhelsereforma, skal få god informasjon om det og bli kalla inn til timar
- 532
- 533

## Eit godt fagskoletilbod

534 Akershus er ein del av Fagskolen i Viken (FIV), som er landets største fagskole med eit breitt  
535 og godt utdanningstilbod. Men i Akershus har vi i dag berre enkelttilbod ved nokre  
536 vidaregåande skolar. SV vil derfor etablere eit heilheitleg campus for høgare yrkesfagleg  
537 utdanning i Akershus.

538  
539  
540 SV vil:

- Opprette et godt fagskoletilbod som eit eige campus i Akershus
- Fagskolen skal plasserast slik at han kan nås enkelt med miljøvenleg offentleg transport, bidra til desentralisering og leggje til rette for god studentvelferd

544

## Akershus som folkestyre

545 Sterke demokrati blir skapt av folk med friheit i eit fylke med små forskjellar. Vi ser at  
546 demokratiet vert utfordra av økonomisk sentralisering som konsentrerer makt hjå  
547 kapitaleigarane. Stadig fleire vedtak blir gjort langt unna folk og folkevalde. Desse kreftene  
548 vil SV motverke. I Akershus betyr det at fylket skal vere ein aktiv eigar av våre selskap og  
549 vere ein open og tilgjengeleg fylkeskommune.

550 Det skal vere liten avstand mellom innbyggjarane, dei folkevalde og vedtaksføre organ. For  
551 vi veit at når folket får påverke og bestemme, då får vi dei beste velferdsordningane og det  
552 beste samfunnet.

553  
554  
555  
556 SV vil:

- Ha innbyggjartorg kor innbyggjarane kan få rask hjelp og vegleiing om sine rettigheter og offentlege tenester
- Invitere til folkemøte i viktige saker som bygging av skoler, endringar i kollektivtilbodet og bygging av offentleg tannklinik
- Utarbeide klagesaksveglearar på plan- og bygningsloven og opplæringslova
- Leggje betre til rette for innbyggjar-initiativ på saker som skal handsamast på fylkestinget
- Ha eit aktivt eigarskap og styring av selskapa Akershus eig

565

## Solidariske innkjøp

566 Akershus skal vere eit føregangsfylke for internasjonal solidaritet. Kwart år gjer  
567 fylkeskommunen innkjøp for milliardar av kroner. Då er det avgjerande at vi gjer etiske  
568 innkjøp og ser på klimagassutslepp når vi vël varer.

569  
570  
571 SV vil:

- At fylkeskommunen skal boikotte varer frå okkupert jord. Dette vil i dag gjelde okkupert Palestina, okkupert Vest-Sahara og okkupert Ukraina
- Klimagassutslepp skal telje minst like mykje som pris ved innkjøp
- Gjere Akershus til ein fair trade fylkeskommune
- At fylket ikkje skal nytte selskap og bedrifter som driv med sosial dumping
- Trekkje Akershus sitt pensjonsfond ut av bedrifter som nyttar skatteparadis, og jobbe for at oljefondet skal gjere det same

578